



HESTULEN

Av Knut Raastad, skrivi i 2004

Hestulen ligg i Nordheradsalmenning ved Vågåvatnet. I 1822 vart Hestestulen bortbygsla og i 1826 gjorde T. Hestestulen forlik med dei bruksberettiga i Nordherad almenning om at han kunne behalde plassen for sin og hustrus levetid mot årleg avgift på 96 skilling. Dette tyder at han må ha starta i Hustulen tidlegare enn 1822.

Thore Knudsen vart i 1799 gift med Imbjør Stenersdotter 1781-1853. I 1809 og 1815 ser det ut til at dei har budd i Synstlien og i 1818 er dei nemnde som inderst på Storvikseie. I liste over husmannspenger til kyrkja er i 1832 nemnd Thore Knudsen, dei var nok da i Hustulen. Seinare var dei i Kvitulen for i 1848 er Thore nemnd Qvitulen medan Imbjør var i Kvitulen da ho døydde i 1853. Thore og Imbjør hadde barna

Marit 1799-1815

Knut 1801-1878, gift 1825 med Anne Knutsdotter Valdeie 1798-1875, i Kvitulen

Brit 1810-1894, gift 1834 med Peder Ingebretsen Kjølstad 1810-1867

Hans f. 1818, i Hestulen og Turrsletten og Amerika

Knut Thoresen vart i 1825 gift med Anne Knutsdotter Valdeie f. ca. 1798 d. 1875. I 1831 og 1834 er dei nemnd heimehøyrande i Hestulen, men i 1837 er dei i Kvitulen. Dei hadde barna

Ingeborg f. 1825, nemnd Hestulen da ho i 1848 gifta seg med Ole Sønstelbakken, i Kvitulen

Ingeborg f. 1827,

Marit 1830-1899, gift 1853 med Ole Olsen Dalen

Knut 1834-1844

Knut f. 1837, utflytta til Sunnmøre 1860

I 1848 vart Hans Thoresen f. 1818 gift med Kari Larsdotter Hestulen f. 1824. Hans var bror til Knut Thoresen. Kari er nemnd Hestulen, dette tyder på at familien hennar har budd der ei tid, men det kan og vera at ho har flytta til lenge før giftarmålet. Hans Thoresen vart i 1848 nemnd Qvitulen. Hans Thoresen og familien budde i Hestulen i både 1852 og 1855 før dei flytte til Turrsletten.

I 1865 var enkjemann Lars Sølvestsen f. ca. 1802 d. 1872 forpaktar i Hestuhren. Han var far til Kari som vart gift med Hans Thoresen. Lars var gift med Kari Olsdotter Øyseie 1797-1858. Lars ser ut til å ha vore husmann på Mo og Visdal tidlagare, i 1848 er han nemnd Moeie. Lars og Kari hadde barna

Kari f. 1824, gift med Hans Thoresen

Gunhild 1827-1827

Gunhild f. 1832, budde i Hestulen i 1865

Ole 1829-1829

Ole 1835-1835

I 1875 var det Gunhild f. 1832 som brukte plassen, ho var ugift og hadde med Hans Hansen Gudbrandstuen 1834-1915 sønnene

Hans Hansen f. 1855, budde heime i 1875, til New York i 1880

Ole Hansen f. ca. 1857, til Boston i USA i 1879

Gunhild reiste til New York i USA i 1880.

I 1878 budde Knut Pedersen og familien her, dei kom seinare til Langrusten og Storsteinrusten

I 1881 vart Hestulen tilbygsla eigaren og brukaren av Vehl-berget Hans Olsen på levetid. Dette vart fornya i 1907 med fogdens feste på gnr. 97 bnr. 1 til dottera Kari Hansdotter Lilleberget på livstid med årleg avgift kr 2,-.

Dette vil seia at etter 1881 budde det ikkje folk i Hestulen, og bruket var drivi saman med Vetlberget.

Oskar Øyen overtok Hestulen etter Hans Vetlberget, men han selde til Torill og Kjell Kjøk som har bygd opp att hus og brukar Hestulen som feriested.

I 1875 var det i Hustulen 1 ku, 4 sauer og 5 geit, medan dei sådde 1 tønne bygg, litt rug og 1 tønne poteter.

Kjelder: M.Lyng/G.Tank 1801/1923: Beskrivelse usolgte almenninger .., s. 160

Folketelling 1865, 1875

Panteregister/grunnbok

Festekontrakter

Utskrifter kyrkjebøker for Vågå